




SPESIELT KLASSEROM: Dei tre norskelevane er einige i at dei forstår språket lettare etter dagane i Avdalen. Dei snakkar også litt betre og kan fleire uttrykk, fortel dei. Frå venstre: Kristin, Lisa og Lienke.

SOGN AVIS 13.08.09

Lærer turistar norsk i heimbygda si

■ ■ Læring gjennom praksis ■ ■ Elskar språk

AVDALEN: Med mottoet «Alt har betydning når du er ny i eit nytt land» driv Årdølen Tove Jane Fjeldstad norskkurs i Oslo og i Avdalen.

Entreprenøren har drive firmaet New 2 Norway med språkopplering sidan 2002. Ho er utdanna lærar og fekk ideen til firmaet for ni år sidan, då ho jobba som freelansar på norske språkskular.

– Eg såg at det var noko som mangla i marknaden. Mange av norskelevane ville sjå fjord og fjell, og her mangla det ein total språkpakke. På den tida var det ikkje så mange som tenkte på å ha norskkurs utanfor eit klasserom, seier Tove Jane Fjeldstad.

Viser fram Sogn

Fjeldstad etablerte firmaet som tilbyr språkpakker, der ein kan læra norsk samtidig som ein reiser og ser områda i Indre Sogn og lærer om kulturen her. Sidan 2003 har ho kombinert norskopplering med turar til Årdal.

– Eg kjem frå Årdal, elskar språk, elskar friluftsliv og er lærar, så eg tenkte; Korleis kan eg kombinera dette i ein pakke?

Fjeldstad bur i Oslo og har for det meste undervisning med ein elev om gongen, eller ho held gruppeundervisning gjennom internasjonale firma. Tanken bak språkpakkane i Sogn er å kombinera oppleving med læring. Ho underviser både nybegynnarar og folk som har lært litt norsk tidlegare.

– Eg har fått gode tilbake-

meldingar på turane til Sogn. Elevane tykkjer det er ein fantastisk natur og ei spesiell oppleving. Men det er nok litt bratt og slitsamt å gå opp til Avdalen, ler ho.

Stolt Årdal

– Firmaet går veldig bra. 2009 har faktisk vore det beste året så langt. Det går så bra at eg no har kjøpt meg eige kontorlokale i staden for å leiga, seier ho.

Fjeldstad kan ikkje leva berre av turane til Årdal, og det er språkkurs i Oslo som

er hovudinntekten til New 2 Norway. Men turane til Sogn er noko ho brenn for. Elevane er for det meste turistar som har høyrte om Noreg og vil oppleva landet samtidig som dei lærer norsk.

Jungeltelegrafen

– Indre Sogn er eit utruleg flott område, som burde bli meir marknadsført. Eg er jo som dei fleste ein litt stolt Årdal og vil gjerne visa fram kva me kan tilby. I Årdal har me faktisk tre nasjonalparker utanfor stovedøra.

Entreprenøren fortel at med unntak av ein marknadsføringskampanje i 2003 har firmaet fått kundar gjennom jungeltelegrafen og gjennom nettverksbygging.

– Ein må vera mykje på ambassader, ute i bedrifter, bygga nettverk og gjera folk klar over at ein eksisterer. Ellers må ein finna ut kva som trengs på marknaden. Det er mykje prøving og feiling, seier Fjeldstad, som påpeikar at ein må ha stå-på-vilje for å driva eige firma.

– Det å ha funne ein nisje i

marknaden og eit unikt produkt eg kan stå for er ein motivasjon i seg sjølv, meiner ho.

Fjeldstad fortel at det kjekkaste med jobben er at den er så variert. Ho gjer alt frå å læra bort ord til bruk i generalforsamling til å gå på museum og snakka om kunst.

– Det gjev også mykje å sjå stolte elevar meistra språket, smiler Fjeldstad.

Beate Ravn Øhickers
beate@sognavis.no

Klasserom i Avdalen

AVDALEN: Dei tre elevane Tove Jane Fjeldstad har med seg til Sogn tykkjer dei lærer mykje av å snakka norsk heile tida.

Dette er tredje gongen Tove Jane Fjeldstad held norskkurs i Sogn i år, og denne gongen er tre elevar med på tur frå Oslo til Avdalen. Dei tre elevane har fått utdelt ein perm med informasjon om område, vekeplan og grammatikkoppgåver. Denne veka går dei turar til Vettisfossen og Gravdalen, og løysar grammatikkoppgåver i eit naturskjønt klasserom. Etter nokre dagar i Avdalen med samtalar nesten berre på norsk, går turen vidare til Flåm og Nærøysfjorden.

Språkinteresserte

Dei tre språkinteresserte elevane kunne litt norsk før dei vart med Tove Jane Fjeldstad til Avdalen, og kan også lære

andre språk. Dei har alle lært litt gjennom bøker og kurs tidlegare, men vart frista av tanken på å reisa til Sogn.

– Kvifor har de meldt dykk på språkkurset i Sogn?

– Eg bur i Oslo og vil læra norsk for å kunna hjelpa den sju år gamle dottera mi på skulen, seier Kristin, som er frå USA og til vanleg jobbar som prosjektleiar.

– Dette er min tredje gong i Noreg og eg elskar landet. Det er gøy å læra norsk og fint å feriera her, meiner nederlandske Lienke som sjølv er lærar. Det er dessutan kjekt å vera i eit internasjonalt miljø med forskjellige folk.

– Norsk er eit fint språk og eg likar norske landskap. Det er dessutan kjekt å læra nye språk, seier studenten Lisa frå Tyskland.

Vil oppleve landet

Både Lisa og Lienke fann New 2 Norway gjennom Google på internett. Dei meiner det er vanskeleg å finna språkkurs



AKTIV LÆRING: Det er viktig at elevane brukar språket aktivt, og får praktisert det dei lærer medan dei er her, meiner den engasjerte læraren.

der ein kan reisa til Noreg og oppleve landet samtidig. Kristin fekk anbefalt kursa gjennom ei venninne som hadde teke dei.

– Eg har vore i Noreg i to år utan å sjå Jotunheimen, så dette er ei oppleving, fortel ho.

– I går gjekk me til Vettisfossen, og det var fantastisk, seier Lisa, som tykkjer denne turen har vore den flottaste opplevinga så langt.

Medan dei gjekk hadde elevane i oppgåve å skildra alt dei såg på norsk.